



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/19	Sektorutval for tekniske saker	11.06.2019
096/19	Formannskapet	12.06.2019

Oppstart av kommunedelplan for avløp og overvatn, og høyring av planprogram.

Bakgrunn for saka:

I handlingsdel med økonomiplan (2019) er det vedteke å lage kommunedelplan for avløp. Ei rekkje tiltak knytt til overvasshandtering er òg omtalt. Det er derfor naturleg å dra desse inn i planarbeidet og lage ein felles kommunedelplan for avløp og overvatn. Planen har status som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova. I samband med oppstart av planen skal det utarbeidast eit planprogram som skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Fleire lover og forskrifter er aktuelle. Desse er:

- Plan – og bygningslov med byggt teknisk forskrift (TEK) og forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta)
- Forurensingsloven med forurensingsforskrifta
- Matlova med forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta)
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova)
- Regelverk vedkommande kommunale vass- og avlaupsgebyr
- Lov om kommunale vass – og avløpsanlegg
- Lov om helsemessig og sosial beredskap
- Vannforskriften
- Oreigningslova

Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Handlingsdel med økonomiplan

Vedlegg i saka:

Saksopplysningar:

Planprogrammet klargjer føremålet med å lage kommunedelplanen. Det går fram kva som er sentrale utfordringar, fagutgreiingar som skal gjerast, rammer og organisering av arbeidet og framdriftsplan.

Planprogrammet skal handsamast politisk og så leggjast på høyring i minst 6 veker. Det skal varslast om oppstart av planarbeidet samstundes. Offentlege og private aktørar kan kome med merknader til forslaget om planprogram.

Etter høyringa fastsett kommunen det endelege planprogrammet, då kan planarbeidet byrje og skal byggje på det vedtekne planprogrammet.

I forkant av utarbeiding av planprogram har det vore innhenta informasjon om dagens tilhøve, for å få god kontroll med tilstanden til infrastrukturen rundt avløp og overvatn, og kva som vert utfordringane i komande planperiode.

Det er danna ei arbeidsgruppe som skal gjere planarbeidet. Kommunalsjef teknisk er leiar i arbeidsgruppa, og nyttar interne ressursar samt innleigd konsulentfirma, sjå planprogram pkt 3.1.

Vurdering:

Planprogrammet, og oppstart av arbeid med kommunedelplan for avløp og overvatn er ei oppfølging av vedtekne prioriteringar i budsjett – og økonomiplan (handlingsdel med økonomiplan 2019 – 2022). I handlingsdel med økonomiplan er nokre utfordringar omtalt og prioriterte. I tillegg er det skildra andre utfordringar og fagutgreiingar i forslag til planprogram. Desse byggjer på vurderingar gjort i teknisk etat i samarbeid med konsulent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §11-12 vert det kunngjort oppstart av kommunedelplan for avløp og overvatn

I medhald av pbl §11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggast ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Sektorutval for tekniske saker 11.06.2019:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

TS- 043/19 Vedtak:

I medhald av pbl §11-12 vert det kunngjort oppstart av kommunedelplan for avløp og overvatn.

I medhald av pbl §11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggast ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Formannskapet 12.06.2019:

Handsaming:

Sektorutvalet for tekniske saker sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 096/19 Vedtak:

I medhald av pbl §11-12 vert det kunngjort oppstart av kommunedelplan for avløp og overvatn

I medhald av pbl §11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.